LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Oddbjørn Hauge
Storneset 37
5915 HJELMÅS

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Trygve Solberg	25.06.2019
Vår: 19/1742 - 19/20286	Trygve.Solberg@lindas.kommune.no	

Ferdigattest garasje - gbnr 195/200 Leiknes

Administrativt vedtak. Saknr: 382/19
Tiltakshavar: Oddbjørn og Marta B. Hauge
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka frå 02.04.2004.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.06.2019 .

Skildring

Adresse:	Storneset 37
Bygningstiltak:	Garasjeuthus
Bygningsnummer:	19243184
Bruksareal:	49 m^2

VEDTAK:
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for garasje på gbnr 195/200. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1742

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Oddbjørn Hauge	Storneset 37	5915	HJELMÅS